

Noregs vassdrags- og energidirektorat
Middelthunsgate 29, Postboks 5091 Majorstua,
0301 Oslo

Dykkar ref:
201401704

Dykkar dato:

Vår ref: BKa

Arkiv:

Sakshandsamar:
B. Kapstad

Dato:
30.04.2014

HØYRINGSSVAR FRÅ SUNNFJORD ENERGI AS – SØKNAD OM LØYVE TIL Å BYGGE 7 SMÅKRAFTVERK I JØLSTER OG GLOPPEN KOMMUNAR

Sunnfjord Energi Nett syner til søknad om 7 småkraftverk i Jølster og Gloppen kommunar som er på høyring. Neselva 2 skal tilknyttast SFE Nett, resten er tilhøyrande i Sunnfjord Energi Nett sitt område.

For nettforsterkingar lyte ein pårekne 2 mill NOK/km inklusive prosjektering og nettanalysar (statiske og dynamiske). Kostnadane vert delt mellom kraftprosjekta og Sunnfjord Energi Nett basert på teknisk restlevetid, installert effekt og lengde.

Eit eller fleire nye kraftverk i Stardalen medfører bygging av ny linje fram til Håheim. Eit eller begge av kraftverka Åmot og Driva vil dermed utløyse dette.

Kraftverka på nordsida av Jølstravatnet samla sett medfører nettforsterking mot Skei, Stakaldefossen eller kabel over vatnet mot Myklebustdalen. Aktuell nettløysing er avhengig av kor mange MW som får konsesjon og tek investeringsbeslutning.

Det er tenkeleg at Paulen Kraftverk kan tilknyttast utan nettforsterkingar, men det er behov for meir analysearbeid for å avdekke dette.

Representant for kraftverka må ta kontakt med Sunnfjord Energi Nett for tekniske krav og anleggsbidrag når det er gitt konsesjon.

Mvh Sunnfjord Energi Nett



Helge Robert Midtbø

-nettsjef-



Bjarte Kapstad

-siv.ing-